

Einy Åm Sparks med Dansefilm til ære for museumsbygget til Fehn



Einy Åm Sparks fekk gode tilbakemeldingar frå publikum. Her saman med Mali Åm og Mercedesz Fekete.

Einy Åm Sparks har koreografert, dansa og redigert filmen «Utsyn» som ei markering av 20-års jubileet for museumsbygget som arkitekt Sverre Fehn står bak.

[Emilie Gjengedal Vatnøy](#)

Publisert: 26.06.2020 kl 07:00

Atle Vasbotn Remmereit har vore filmfotograf. 21. juli var det før-premiere på filmen som Nynorsk kultursentrum har produsert. 22.juni var filmen tilgjengeleg for alle gjennom Digitale festspel 2020 på nynorsk.no.

Dansar Einy Åm Sparks og dagleg leiar ved Ivar Aasen- tunet, Tone Slenes, starta i fjor vinter å snakke om å samarbeide om eit danseprosjekt som skulle markere at det er 20 år sidan museumsbygget i Ivar Aasen- tunet sto ferdig. Dette er teikna av arkitekt Sverre Fehn.

- Eg har gått på ballettskulen sjølv, og ønska å formidle arkitekturen og arbeidet til Ivar Aasen gjennom dans, seier Slenes.

Først hadde dei tenkt at Åm Sparks skulle lage ei vandrande danseframvisning som folk kunne oppleve under Dei Nynorske Festspela og i utstillinga utover sommaren. Då koronapandemien kom, måtte dei endre planane og lage ein film.

Det er Atle Vasbotn Remmereit i firmaet Oclin som har filma dansefilmen som har fått tittelen «Utsyn», medan det er Åm Sparks som driv firmaet EyeKnee Coordination som har koreografert, dansa og redigert filmen.

Gebursdagsfeiring

Søndag 21. juni var det førpremiere på dansefilmen «Utsyn» i Ivar Aasen- tunet.

- Det prislønte bygget er teikna i minste detalj av den verdskjende arkitekten Sverre Fehn (1924-2009). Han såg ved første besøk at nybygget burde plasserast i nær tilknytning til dei eldre bygningane, i eit samspel mellom det moderne og det gamle, og i takt med naturen. Arkitekturen er basert på arbeidet til Ivar Aasen, og dette er det første prosjektet der Fehn var involvert i både bygget, utstillingane og uteområdet, fortel Slenes.

Filmen var som ei gebursdagsgåve til bygget. Måndag 22. juni vart filmen tilgjengeleg for alle gjennom Digitale festspel 2020 på nynorsk.no.

Søndag var det også servering av gratis kake og omlag 60 personar stakk innom i løpet av dagen både for å sjå filmen inne i salen og ete kake i kafeen eller ute på plassen. Mange nytta høve til å få ei omvisning med fokus på arkitekturen.

London og New York og tilbake

Einy Aam Sparks vaks opp i Volda og var som barn og ungdom aktiv i Ørsta og Volda ballettskule. Etter tre år ved Volda vidaregåande skule, drog ho til London og utdanna seg til moderne dansar hos London Contemporary Dance School.

I 2001 gjekk ferda vidare til New York der ho jobba som dansar og koreograf mange år.

- Eg dansa i fleire stilartar og hos mange ulike dansekompani. Med støtte frå mellom anna Noreg var eg på turnear både i USA, Noreg og Japan, fortel Eidy som for to år sidan flytta tilbake til Volda saman med mannen sin Tyler James Sparks.

Einy driv føretaket Eye Knee Coordination. Ho samarbeider mykje med mannen sin som er filmfotograf og motion- grafikar. Han introduserte henne for filmklipping. Ho har også teke kurs i dette.

- Kvifor ville du flytte tilbake til Volda?

- Eg sakna familie, vener og fjella og det rolegare livet her, seier dansaren som no har teke til å sakne bylivet.

Innimellom reiser ho til dei store byane i Noreg for å gå på Workshops. Ho treng dette for å halde dansekunstane ved like.

Tankane til Fehn

Det finnest ei eiga danseform som er inspirert av rom, utradisjonelle scener og arkitektur. På engelsk er namnet: Site-specific. Åm Sparks er fascinert av denne stilen. Som dansar har ho arbeidd mykje med koreografar som spesialiserer seg på dette. Ho har mellom anna dansa i framsyningar i eit parkeringshus, på ei strand, på ei tennishane og i ei vindeltrapp.

- Då eg jobba med denne dansen såg eg på linjene i huset og tok utgangspunkt i kva kjensler rommet gav. Kroppen min blir som ein del av bygget, forklarar Åm Sparks.



Dansar Einy Åm Sparks, filmfotograf Atle Vasbotn Remmereit og dagleg leiar ved Ivar Aasen- tunet, Tone Slenes.



Einy Åm Sparks framfor museumsbygget teikna av Sverre Fehn.

Før ho laga koreografien las ho seg opp på kva tankar arkitekt Fehn hadde bak bygget.

- Mange som besøkjer Ivar Aasen- tunet lurar på kvifor ein må gå ned ei trapp for å kome til biblioteket. Tanken til Fehn er at ein skal gå ned i djupet av kunnskapen slik som ein går inn i kunnskapen i ei tekst. Dette skal opne ei ny verd med nye perspektiv. Ein må sjå inn for å sjå ut, fortel Åm Sparks.

Det er også ein spesiell grunn til at Ivar Aasen-bygget ikkje ligg nede ved vegen, men rett ved barndomsheimen til Ivar Aasen.

- Det at huset er bygd på fjell og i rett linje frå garden der Ivar Aasen vaks opp. Dette skal illustrere at han er rotfesta her, men reiste ut for å hente kunnskap. Det handlar om bygd og by og om å reise ut i den store verda, seier Åm Sparks og Slenes.

Samarbeidsprosjekt

Einy Åm Sparks dansar både på utsida av bygget og inne. Mange av scenene er frå biblioteket. Ho har på seg ei grøn drakt.

- Eg kunne kledd meg ut som Ivar Aasen for eksempel, men valde å ha på meg ein grøn drakt som kan minne om ein dress. Fargen symboliserer på ein måte naturen og bygda og dressen byen, fortel ho.

Fargen er også ein fin kontrast til gråfargen på bygget.

Det var som før nemnt Atle Vasbotn Remmereit frå firmaet Oclin som filma.

- Eg hadde bestemte planar, og nesten alt eg hadde tenkt fekk vi gjennomført, seier Einy og ser bort på fotograf Atle.

Dei har samarbeidd før, då Einy har vore klippar på nokre av filmane hans. Det er også firmaet Oclin som står bak ein annan film som Ivar Aasen – tunet har bestilt: «Nordmannen», kjend for mange som «Mellom bakkar og berg».

Vasbotn Remmereit var glad for oppdraget. Han har både laga musikkvideoar og dokumentert dans på scene, men å filme dans som tek utgangspunktet i eit hus, var nytt for han.

- Det var deilig å bruke linjene i huset. Dei hjalp meg. Ein trengde ikkje setje opp kulissar, seier Vasbotn Remmereit.

Skal brukast vidare

Dagleg leiar for Ivar Aasen- tunet, Tone Slenes synest det er positivt at dei kunne bruke lokale krefter til årets festspel, som vart digitale.

Både Åm Sparks og Slenes opnar opp for at det blir meir samarbeid etterkvart.

- *Kjem de til å bruke dansefilmen under omvisingar?*

- Ja, det kjem vi til å gjere. Og spesielt når vi har skuleklasser eller andre på besøk der bygget til Fehn er hovudsaka, seier Slenes.


Det monomentale og lesegleda

To av dei som fekk med seg filmen søndag var Mari Aam og Mercedesz Fekete.

- Vi var på omvising i bygget først. Eg synest filmen fekk fram både det monomentale ved huset og lesegleda, seier Mari.

Mercedesz har sjølv drive med dans og synest det var ei fin kopling mellom museet og dansen. Gjennom dansen fekk Einy fram korleis det er å vere der. Eg likte spesielt når ho dansa framfor den høge vegg. Ho dansa fram dei ulike aspekta ved senteret, seier Mercedesz som opphavelag er frå Ungarn, men bur i Ulsteinvik.

I sommar er Aasen- tunet ope kvar dag og dagleg leiar Slenes håper mange tek turen innom.



Dansar Einy Åm Sparks i biblioteket. Foto: Atle Vasbotn Remmereit.